

ÅRSMELDING FOR BØMLO TUR OG SOGELAG 2013

Bømlo T/S styre i 2013:

Leiar: Norvald Nyteveit, Nestleiar: Bernt Emil Vika, Kasserar: Øyvind Monsen, Sekretær: Nancy Helen Olsen, Styremedl: Ivar Barane og Odd Engen

Laget har sidan førre årsmøte hatt 5 ordinere styremøter

Turen til Bergeseidet skjærtorsdag, hadde ca 150 deltakarar. Det var sal av pølser, vafler og kaffi.

Bømlo Tur og Sogelag og Aud Lodden Boine arrangerte saman – Glad i bøker. Her vart Leidarsteidn for 2013 presantert samt Kvit Lyd av Aud Lodden Boine. Arrangementet vart halde i bygdatunet i November 2013.

Informasjonstavlene med historie/fakta om Fridtun, Karinestova, Hilleborgstova og Bergeshuset er kome opp utanfor husa. Informasjonen kan lesast på norsk, tysk og engelsk.

Det er kjøpt inn ein kvilebenk som er sett ved Fridtun.

Laget har kjøpt 2 eksemplar av Kjell Birger Sønstabø si bok om Ådnanes treskipsbyggeri.

Det er laga nytt Fridtun skilt

Laget har motteke gåve frå Peter og Ruth Mallinson: Ein del bøker etter Johs Tvedt. Bøkene vil bli plasserte i arkivet vårt når me får oppretta dette på bygdatunet. Martin Solheim: To store bilete med rame. Eit bilete er av M/K Norrøna og eit av ein familie. I tillegg fekk me ei smørkinne som har vore i bruk på Eide. Bileta og smørkinna er plasserte på Fridtun.

Laget har fått kr 19000 frå Finnås Kraftlag. I tillegg er der kome sponsormidlar frå Haugesund Sparebank, kr 25000 som fast sponing og kr 20000 som ekstra gåve. Frå Vestenfjelske Bykredits Stiftelse har me fått tilsagn om kr 60000 til restaurering av Hilleborgstova. Siste del av gåva frå Eidesvik Invest på kr 30000 er også mottatt.

Leidarsteidn vart trykt i 800 eksemplar. Det har vore godt sal (600-650). Prisen var 100 kr.

Det har vore gjort ein del arbeid med Karinestova i 2013. Den manglar maling. Engelsk rød er bestemt som ny farge og dette vert utført i 2014.

Laget har henta inn anbud på reperatur/ vedlikehald av Fridtun og Hilleborgstova. Desse står for tur i 2014.

Det har også dette året vore gjort mykje av dugnadsgjengen. I tillegg til å reparere og vedlikehalde husa, reparerer og vedlikeheld dei gjenstandar husa oppbevarer.

07.04.2014. Nancy Helen S. Olsen